

Statsforvaltarens tilråding til
Miljødirektoratet om vern av skog for
Vestfjellet og Svartejuv, Hjartdal

Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark
Juli 2024

Innhold

1. FORSLAG	3
1.1 Heimelsgrunnlag	3
1.2 Verneverdiar, påverknadsfaktorar og effektar av verneforslaget	3
1.3 Andre interesser	5
1.4 Planstatus	5
2. SAKSHANDSAMING.....	6
2.1 Sakshandsamingsprosessar	6
2.2 Forholdet til utredningsinstruksen	6
2.3 Forvaltningsmyndighet	6
3. VIKTIGE ENDRINGAR UNDER BEHANDLINGA AV VERNEPLANEN	7
3.1 Namn	7
3.2 Avgrensing	7
3.3 Verneforskriftene	7
4. FORVALTNING, ØKONOMISKE OG ADMINISTRATIVE KONSEKVEN SAR	7
4.1 Vurdering av samfunnsnytte og samfunnsøkonomiske konsekvensar.....	7
4.2 Forvaltningsmessige og budsjettmessige konsekvensar	8
4.3 Avveging skogvern – skogbruk.....	8
4.4 Forvaltningsmynde	8
5. Beskriving av kvart enkelt område med merknader.....	8
Vestfjellet og Svartejuv, Hjartdal kommune.....	8

1. FORSLAG

Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark tilrår vern av Vestfjellet og Svartejuv naturreservat i medhald av naturmangfoldloven (lov om forvaltning av naturens mangfold). Vestfjellet og Svartejuv er eit nytt naturreservat.

Tilrådinga omfattar 5011 dekar nytt verneareal. Totalt skogareal er 4707 dekar, og av dette er 4388 dekar produktiv skog.

Området som blir foreslått verna, er:

1. Vestfjellet og Svartejuv i Hjartdal kommune, Telemark fylke

1.1 Heimelsgrunnlag

Området blir foreslått vernet i medhald av naturmangfoldloven § 34 og § 62.

Området blir foreslått verna som naturreservat, jf. naturmangfoldloven § 37. Vilkåret for å kunne opprette eit naturreservat etter naturmangfoldloven § 37 er at arealet anten inneheld trua, sjeldan eller sårbar natur, representerer ein bestemd naturtype, på annan måte har særleg betydning for biologisk mangfald, utgjer ein spesiell geologisk førekomst eller har særskilt naturvitskapleg verdi.

Naturreservata skal bidra til bevaringsmåla i naturmangfoldloven § 33, mellom anna bokstavane
a (variasjonsbreidda av naturtypar og landskap),
b (artar og genetisk mangfald),
c (trua natur og økologiske funksjonsområde for prioriterte artar).

Verneområda skal bidra til å oppfylle fleire nasjonale mål som:

- *Eit representativt utval av norsk natur skal bevarast for kommande generasjonar.*
- *Økosystema skal ha god tilstand og levere økosystemtjenester.*
- *Ingen trua artar og naturtyper skal utryddast, og utviklinga til truga og nær truga artar og naturtyper skal betras.*

Oppretting av verneområda bidreg til å nå internasjonale mål og forpliktingar, m.a. nedfelte i konvensjonen for biologisk mangfald artikkel 8 om eit samanhengande verneområdenettverk, jf. òg naturmangfoldloven § 33 bokstav g.

Ved å verne desse naturområda mot ulike typar inngrep, gir verneområda også eit positivt bidrag til det nasjonale og internasjonale målet om å stanse tapet av naturmangfald, jf. naturmangfoldloven § 33 bokstav a, b og c.

Området vil bidra til å oppfylle det nasjonale målet vedtekne av Stortinget om 10 % vern av skog.

1.2 Verneverdiar, påverknadsfaktorar og effektar av verneforslaget

Det føreslegne verneområdet inkluderer ein røddlista naturtype og mange trua og nær trua artar.

Vern av områda bidreg til å redusere dei negative effektane av klimaendringane, gjennom å sikre eit nettverk av viktige leveområde for naturmangfaldet i norske økosystem. Det føreslegne verneområdet har stor variasjon og rikt artsmangfald. Slike område er robuste mot endringar i klimaet og bidreg til langsiktig bevaring av artsmangfaldet og vidareføring av dei økosystemtjenester skogen gir. Vern av områda vil bidra til langsiktig binding av karbon. Det meste av skogen i denne tilrådinga er gammal barskog, som ifølgje rapporten Skogvern som klimatiltak (NINA rapport 752) har det største karbonlageret per arealeining i levande biomasse. Etter figur 1 i den same rapporten kan den gjennomsnittlege karbonmengda i levande biomasse i skog som blir verna, blir estimert til å vere om lag 70 tonn karbon per hektar.

I denne verneplanen er verneverdiane for området mellom anna knytt til ein raudlista naturtype, ei bekkekløft og gammal granskog i låglandet som vil bidra til å fylle manglar i vernet, samtidig vil dei bidra til å bevare trua og nær trua artar.

Kunnskapsgrunnlaget om naturmangfaldet i verneforslaget er innhenta frå:

Reiso S., Klepsland J. 2009. *Naturverdier for lokalitet Svartegjuv, registrert i forbindelse med prosjekt Bekkekløfter 2008. NaRIN faktaark. BioFokus, NINA, Miljøfaglig utredning.*

Høitomt, L. E. og Brynjulvsrud, J.G. 2020. *Naturverdier for lokalitet Svartegjuv, registrert i forbindelse med prosjekt Frivillig vern 2019. NaRIN faktaark. BioFokus.*

Dei viktigaste påverknadsfaktorane på verneverdiane i området som blir foreslått verna er hogst, vasskraft og ulike typar utbyggingar. Vern av det foreslåtte området skal gjennom føresegner om slike tiltak sikre areal med viktige vernekvalitetar og bidra til å sikre areal med viktige vernekvalitetar og bidra til dekning av viktige manglar i skogvernet. Området vil bidra til langsiktig og effektiv bevaring av trua naturtypar og levestad for at mange trua artar, og dermed redusere den samla belastninga på artar som har risiko for å døye ut.

Verneforskrifta opnar for at fleire pågåande aktivitetar kan førast vidare. Tiltak som isolert sett vurderast å ha lite å seie for verneformålet, kan i sum og over tid medverke til at verneverdiane ringast. For enkelte aktivitetar vil det derfor i tråd med prinsippa om samla belastning vere restriksjonar, slik at naturverdiane får eit auka vern. Dette er også i tråd med prinsippa om miljøforsvarlege teknikkar og lokalisering, og dessutan miljøringast betalar der det ut frå omsynet til verneverdiane er fastsette føresegner om mellom anna ferdsel og infrastrukturiltak. Ut frå dagens kunnskap om artar og naturtypar i området vil dei aktivitetane som i samsvar med verneforskrifta kan førast vidare, med lita grad av sannsyn ha vesentleg negativ innverknad på desse artane, naturtypane og landskapselementa. Vernereglane tillèt likevel ikkje vesentlege inngrep i området.

Statsforvaltaren vurderer det slik at vernet med stor grad av sannsyn vil føre til ei positiv utvikling for artane og naturtypane, jf. naturmangfaldsloven §§ 4 og 5. Statsforvaltaren reknar at kunnskapsgrunnlaget er i tråd med kravet i naturmangfaldsloven § 8. Statsforvaltaren har ut frå ei føre-var-tilnærming i verneforslaget vektlagt moglegheita for fleire påverkingar av same slag, eller ein kombinasjon av fleire ulike påverknadsfaktorar (samla belastning). Det føreligg elles etter Statsforvaltarens oppfatning tilstrekkeleg kunnskap om naturmangfaldet, påverknadsfaktorar og effekten av vernet. Føre-var-prinsippet blir derfor ikkje ytterlegare vekt i denne saka.

For nærare beskriving av verneverdiar, påverknadsfaktorar og effektar av verneforslaget, jf. naturmangfaldsloven kapittel II, blir det vist til omtalen av Vestfjellet og Svartegjuv i kapittel 6.

Dersom området ikkje blir verna, vil det vere andre sektorlovar som regulerer arealbruken framover og som skal vareta omsyna til biologisk mangfald.

1.3 Andre interesser


Kraft og energi:

Det går ikkje kraftleidningar innanfor området. Næraste kraftleidning ligg ca. 200 meter nord for den nordaustlege delen av verneforslaget (nord for elva Hjartdøla).

Inntaket til eit planlagt Hjartsjø minikraftverk ligg innanfor Vestfjellet og Svartejuv. Dette kjem fram i Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE) sin kartinnsynsløysning, og er kome fram gjennom innspel frå NVE i samband med høyringa. I innspellet frå NVE kjem det og fram at dei har vore i kontakt med grunneigar på eigedom med gnr./bnr. 57/4, som ikkje kan sjå at det er noko konflikt mellom det foreslåtte vernet og hans planar for området.

Mineral

I DMF sitt innspel til høyringa kjem det fram at verneforslaget kjem i konflikt med ein undersøkingsrett (Mydalen 5), gjeve til Teako Minerals Norway AS 14. februar 2024, jf. kart under. Løyvet går innanfor føreslått verneareal og inn på det som er kjerneområde 8 (bekkekløft), A-verdi (svært viktig).



Stiar og traktorveg

Det ligg fleire kjende stiar og ein traktorveg innanfor verneforslaget. Under høyringa kom det innspel om fleire stiar som kjem fram av vernekartet.

1.4 Planstatus

Arealet i dette verneforslaget er avsett som LNFR-område i Hjartdal kommune sin arealplan.

2. SAKSHANDSAMING

2.1 Sakshandsamingsprosessar

<i>Namn</i>	<i>Tilbod</i>	<i>Oppstart</i>	<i>Høyring</i>
Vestfjellet og Svartejuv	04.07.2019	29.10.2021	14.03.2024

Frist for innspel til høyringa var 14.05.2024.

Tilbod om vern kom frå 16 grunneigarar via AT Skog. Ved formell oppstart på sakshandsamingsprosessen nytta Statsforvaltaren namnet Svartejuv-Vestfjellet på området. Etter innspel frå Språkrådet, om at dei ved dobbeltnamn tilrår å nytte bindeordet «og» framfor bindestrek, vart namnet endra til Vestfjellet og Svartejuv. Sjå kapittel 3.1 for meir informasjon om namnendringa.

2.2 Forholdet til utredningsinstruksen

Verneforslaget er utarbeidd i samsvar med Utredningsinstruksen. I kapittel 1 og 2 grunngjev ein for verneforslaget på overordna nivå og samanhangen med nasjonale og internasjonale mål om å ta vare på eit utval av norsk natur blir klargjort. Vidare blir omtalt kort kva som eventuelt skjer med verneverdiane viss verna ikkje blir gjennomført og kva verkemiddel som eventuelt kan vere relevante. I kapittel 5 blir samfunnsnytta av verneforslaget vurderte på eit overordna nivå, saman med økonomiske og administrative konsekvensar. I kapittel 6 blir omtalast og vurderast generelle kommentarar og konkrete merknader til verneforslag for Vestfjellet og Svartejuv frå ulike partar, styresmakter og interessegrupper. Etter avvegingar mellom verneverdiane i området og andre samfunnsinteresser er det undervegs i verneprosessen gjord endringar i vernereglar og avgrensing for verneforslaget.

Gjennomføringa i samsvar med rundskriv T-2/15 om saksbehandlingsreglar ved områdevern etter naturmangfaldslova, forvaltningslova og utgreiingsinstruksen har medført inkluderande prosessar som sikrar ei vellykka gjennomføring.

Gjennom verneplanprosessen er det gjort ei avveging mellom verneinteresser og andre brukar- og samfunnsinteresser. Verneforslaget er også i størst mogleg grad tilpassa dei ulike brukarinteressene i området. Krava i naturmangfaldsloven § 14 er dermed oppfylt.

2.3 Forvaltningsmyndighet

Aktuelle kommunar skal gjennom høyringsprosessen gi tilbakemelding på om dei ønskjer å få tildelt forvaltningsmynde for nye verneområde i tråd med gjelda politikk på området. Forvaltningsmynde blir fastsett gjennom forskrifta når område blir vedteke vernet. Kommunedirektøren skriv i innstillinga si til *Utval for plan og utvikling* i Hjartdal kommune:

«Kommunedirektøren ser det ikkje som viktig å ha forvaltningsstyresmakt i det framtidige verneområde. Det krev ekstra ressursar som må takast over eget budsjett. Samtidig må kommunen forholde seg til same lovverk og verneforskrift som andre forvaltningsmyndigheitar må, til dømes naturmangfaldlova.»

Utval for plan og utvikling handsama høyringa i møte den 8. mai 2024 med følgjande vedtak:

«Hjartdal kommune har ingen merknader til høyringa av verneplan – Vestfjellet og Svartejuv naturreservat.»

3. VIKTIGE ENDRINGAR UNDER BEHANDLINGA AV VERNEPLANEN

3.1 Namn

Ved formell oppstart på sakshandsamingsprosessen nytta Statsforvaltaren namnet Svartejuv-Vestfjellet på området. Etter innspel frå Språkrådet, om at dei ved dobbeltnamn tilrår å nytte bindeordet «og» framfor bindestrek, vart namnet endra til Vestfjellet og Svartejuv. I innspelet til oppstartsmeldinga peika Språkrådet på at Vestfjellet ikkje er registrert i SSB eller heradsregisteret, og spør om dette er eit namn som blir bruka lokalt. Viss ikkje bør Statsforvaltaren finne eit anna namn, eller nytte berre Svartejuv. Vestfjellet er eit lokalt nytta namn. Statsforvaltaren tilrår difor verneforslaget med namnet Vestfjellet og Svartejuv.

3.2 Avgrensing

Det er ikkje gjennomført endringar i avgrensinga av området etter høyring, men det er gjennomført endringar i avgrensinga før høyringa. Mellom anna kom noko meir areal inn på ein eigedom.

3.3 Verneforskriftene

Siden den første høringen var i 2021 og den siste i 2023 har vi sett oss nødt til å se på verneforskriften på nytt, og derfor er det gjort noen tilpasninger etter ny mal fra Miljødirektoratet. Det er også gjort en del endringer både i formålet og de enkelte bestemmelsene i verneforskriften. Dette omtales i kapittel 5.

4. FORVALTNING, ØKONOMISKE OG ADMINISTRATIVE KONSEKVEN SAR

4.1 Vurdering av samfunnsnytte og samfunnsøkonomiske konsekvensar

Området er i arealplanane til kommunane avsett til Landbruks-, natur-, friluft- og reindriftsområde (LNFR-område).

Kartleggingar av naturverdiane i området er gjennomførte som del av verneplanprosessen. I nokre tilfelle er eksisterande data brukte som utgangspunkt for vurdering av verneverdi. Bruksinteresser er klarlagde gjennom høyring av verneforslag og annan kontakt med partar saka vedkjem.

Vernet vil avgrense dei framtidige moglegheitene for m.a. skogbruk, jordbruk, mineralutvinning regulering av vassdrag, nedbygging og anna omdisponering frå natur til andre formål. Det er elles i

verneplanprosessen lagt vekt på å komme andre interesser i møte gjennom avgrensing og forskriftsutforming.

Statsforvaltaren meiner at verneforslaget slik det no ligg føre har små negative konsekvensar. Samla sett vurderer Statsforvaltaren det slik at dei samfunnsøkonomiske konsekvensane av vernet vil vere positive på sikt. Forslaget vil sikre natur som har ei positiv samfunnsnytte, sjølv om denne ikkje kan verdsetjast. Forslaget vil samtidig bidra til oppfyljing av nasjonale og internasjonale forpliktingar om å vareta naturmangfaldet. Verneforslaget vil også sikre viktige område for friluftsliv.

4.2 Forvaltningsmessige og budsjettmessige konsekvensar

Dei største kostnadane som følgje av etableringa av verneområdet vil vere utgifter til forvaltning og skjøtselstiltak for å halde oppe verneverdiane. I tillegg vil det kunne vere behov for å restaurere natur i delar av området. Statsforvalteren er kjend med at det finst noko areal med yngre skog innanfor verneforslaget. Det kan vere aktuelt med restaurering av slike areal under føresetnad av at ein har utarbeidd ein skjøtelsplan på førehand.

4.3 Avveging skogvern – skogbruk

Miljødirektoratet og Landbruksdirektoratet fekk den 1. juli 2020 i oppdrag frå Klima- og miljødepartementet og Landbruks- og matdepartementet å greie ut forvaltningstiltak knytt til skogvern og konsekvensar for avverknaden og bidraget skognæringa hadde til det grønne skiftet. I rapport M-2007-2021 har direktorata foreslått retningslinjer for avvegingar.

I oppdrag frå Klima- og miljødepartementet datert 8.11.2021 bad Klima- og miljødepartementet om at forslaget blir sett i verk, med nokre mindre justeringar. For privateigd skog skal forslaget setjast i verk for område der det blir motteke tilbod etter 1. februar 2022, og ved vern av offentleg eid grunn for område der det blir meldt oppstart frå og med same dato.

Vestfjellet og Svartejuv som blir omfatta av denne verneplanen er tilboden for frivillig vern av grunneigarane før 1. februar 2022. Området blir difor ikkje omfatta av oppdraget frå Klima- og miljødepartementet.

4.4 Forvaltningsmynde

Statsforvalteren har i samband med høyringa fått stadfesta at Hjartdal kommune ikkje ønskjer å overta forvaltningsmynde for Vestfjellet og Svartejuv, jf. kap 2.3.

5. Beskriving av kvart enkelt område med merknader

Vestfjellet og Svartejuv, Hjartdal kommune

Totalareal 5011 dekar.

Skogareal totalt 4707 dekar.

Produktiv skog 4388 dekar.

Verneformål og særskilte verneverdier:

Føremålet med forskrifta er å verne eit område som har særleg betydning for biologisk mangfald på grunn av førekomst av lågurtedellauvskog, blandingsskogar og gamal barskog med naturskogspreget med rikeleg førekomst av daud ved.

Området har særskilt naturvitskapleg verdi på grunn av stort artsmangfald med førekomst av ei rekke sjeldne og truga artar av karplanter, lav, moser og sopp.

Faktaarket for tilbodsområdet Svartegjuv er skriva på *bokmål* frå kartleggarane sin side, og vi har ikkje endra dette til nynorsk. All tekst i dette kapitlet, utanom det vi har lagt til, er difor på bokmål.

Bekkekløfta Svartegjuv blei kartlagt i 2008 i samband med kartlegging av bekkekløfter i regionen. Lokaliteten er vurdert som svært viktig (A-verdi) (Naturbase ID BN00109281). under verdigrunngevinga i Naturbase står følgjande:

«Svartegjuv er vurdert som svært viktig (A) på bakgrunn av at det er en intakt bekkekløft uten moderne inngrep med stor dekning av rike vegetasjonstyper (deriblant de truede typene kalkfuruskog, høgstaudeskog og alm-lindeskog), varierte skogtyper (gran, furu, borealt løv, edelløv) og forekomst av flere rødlistearter deriblant en regionalt sjelden rik forekomst av huldregras.»

Området er svært topografisk variert og strekker seg frå Hjartdøla og opp til Gunnarstulnuten, og omfatter en høygradient mellom 123 og 864 moh. Lisida er oppbrutt av en rekke kjølfformasjoner, berghammere, bergvegger og små gryteformasjoner. I Svartegjuv i øst skjærer en dyp bekkekløft gjennom lisida.

Berggrunnen i området er todelt og består av rike glimmerskifre og metasandstein i de nedre partiene, mens på toppområdet finnes en stor front med fattig kvartsitt. Rundt Svartegjuv inngår et parti med fattig øyegneis og foliert granitt. Løsmassedekket er i hovudsak tynt med tynne og usammenhengende moreneavsetninger og humuslag. I de nedre partiene finnes enkelte tykkere moreneavsetninger.

Lokaliteten befinner seg i sørboreal (65%) og mellomboreal vegetasjonssone (35%) i svakt oseanisk seksjon. Den nedre delen av lisida omfatter sørboreale skogområder, mens det øvre partiet opp mot toppområdet omfatter mellomboreal vegetasjon. De høyestliggende partiene ligger i overgangen til nordboreal vegetasjonssone.

Vegetasjonen i området viser ganske stor variasjon. De rike innslagene finnes særlig i litt sigevannspåvirkede områder hvor det foregår en anriking av mineraler og næringsstoffer. I området med sigevannspåvirkning, rike rasmarker og andre bratte partier med næringsrikt forvittringsmateriale finnes innslag av bærlyng-lågurtskog, lågurtskog og høgstaudeskog. På rasmark, særlig i de lavereliggende partiene, finnes små partier med dominans av edelløvtrær som alm, spisslønn og hassel. Den rødlistede naturtypen lågurtedellauvskog (VU) forekommer i lavereliggende områder i kjerneområde 4.

I de skrinne partiene, særlig på kjølfformasjoner og berglendt mark finnes fattig lyngskog og bærlyngskog. Tresjiktet domineres av furu med varierende innslag av gran, osp, bjørk og selje. På tykkere humusdekke finnes blåbærskog, hvor gran er dominerende treslag. Dette er den dominerende typen innenfor verneforslaget.

Gammel skog dominerer det meste av avgrenset areal. Den gamle skogen er i varierende grad preget av historisk utnyttelse med eksempelvis plukkhogst. Det finnes også områder med naturskogspreg. Det er rikelige forekomster med død ved av gran, og det er bred spredning i nedbrytningsstadier. Dette gjenspeiles i artsinventaret med flere påviste arter med krav til kontinuitet i død ved. Området er lite preget av inngrep i nyere tid.

Det ble avgrenset ni kjerneområder innenfor avgrenset areal. Av disse er syv lokaliteter vurdert som svært viktige (A-verdi) og to som viktige (B-verdi). Kjerneområdene oppnår tre stjerner (nasjonal verdi) på syv av 13 kriterier (urørthet, død ved mengde, død ved kontinuitet, topografisk variasjon, vegetasjonsvariasjon, arter og størrelse).

Totalt 17 rødlistede arter (2 EN, 3 VU, 9 NT) er registrert i området. Det er et videre potensial for ytterligere krevende arter.

Vestfjellet og Svartejuv vurderes samlet som nasjonalt verneverdig (***) . Verneforslaget Vestfjellet og Svartejuv oppnår høy mangeloppfyllelse på mangelnaturtyper som følge av over 500 daa bekkekløft som har stort udekket vernebehov i fylket, samt over 450 daa gammel granskog som har middels udekket vernebehov i fylket. I tillegg forekommer små arealer med alm-lindeskog og gråor-heggeskog. Lokaliteten oppnår middels mangeloppfyllelse på generelle mangler som følge av over 250 daa lavlandsskog og over 250 daa biologisk gammel skog. Området oppnår samlet høy mangeloppfyllelse.

Vestfjellet og Svartejuv ligg i nærleiken av andre verneområde kor det finst tilsvarende og/eller andre naturtypar. Blant desse er det og område med stort samanhengande areal (utviding av Kleppefjell NR). Det inneber at desse områda innehar ein stor variasjon av viktige naturtypar. Saman vil desse områda danne grunnlag for eit økologisk nettverk i denne delen av Telemark.

Inngrepsstatus og andre interesser:

Stiar og traktorveg

Det ligg to kjende stiar og ein traktorveg innanfor verneforslaget. Desse kjem fram i vernekartet. Statsforvaltaren kjenner ikkje til at det er andre tekniske inngrep innanfor verneforslaget.

Samandrag av høyringsfråsegnene:

Verneplanen blei sendt på høyring til følgjande mottakarar: Grunneigarane, Telemark fylkeskommune, Hjartdal kommune, Hjartdal Skogeigarlag, Hjartdal bondelag, v/Olav Våle, 3690 Hjartdal, Naturvernforbundet i Midt-Telemark, Naturvernforbundet i Vest-Telemark, Notodden og Hjartdal turlag, Notodden Orienteringslag, Forum for natur og friluftsliv i Telemark, Naturvernforbundet i Telemark, NJFF Telemark, Birdlife Telemark, DNT Telemark, Vestfold og Telemark orienteringskrets, Skagerak Energi AS, Skagerak Kraft AS, Vest-Telemark Kraftlag AS, Øst-Telemarkens Brukseierforening, Arendal Vasdrags Brugseierforening, Telemark Energi AS, Notodden Energi AS, Everket AS, Sauland Kraftverk AS, Lede AS (tidl. Skagerak Nett), Telemark Bonde- og Småbrukarlag, Telemark Bondelag, Telemark Botaniske Forening, Aust-Telemark Sau og Geit, Telemark Sau og Geit, AVINOR AS, Bane NOR SF, Den Norske Turistforening, Direktoratet for mineralforvaltning, Forsvarsbygg, Friluftsrådenes Landsforbund, Institutt for biovitenskap, Universitetet i Oslo, Kommunenes sentralforbund, Landbruksdirektoratet, Luftfartstilsynet, Natur og Ungdom, Norges Naturvernforbund, NHO Reiseliv, Norges Bondelag, Norges Geologiske

Undersøkelser, Norges Handikapforbund, Norges Idrettsforbund og olympiske og paralympiske komité, Norges Jeger- og Fiskerforbund, Norges Luftsportforbund, Norges miljø- og biovitenskapelige universitet, Norges Miljøvernforbund, Norges Orienteringsforbund, Norges vassdrags- og energidirektorat, Norsk Biologforening, Norsk Bonde- og Småbrukarlag, Norsk Botanisk Forening, Norsk Friluftsliv, Norsk institutt for bioøkonomi (NIBIO), Stiftelsen Norsk institutt for naturforskning, Norsk Organisasjon for terrengsykling, Norsk Orkideforening, Birdlife Norge, Norsk Sau og Geit, Norsk Zoologisk Forening, NSB hovedadm., NTNU, Fakultetet for naturvitenskap og teknologi, NTNU, Ringve botaniske have, NTNU, Vitenskapsmuseet, SABIMA, Statens Kartverk, Statkraft SF, Statnett SF, Språkrådet, Universitetets naturhistoriske museer og botanisk hage, Vegdirektoratet, Stiftelsen WWF Verdens naturfond.

Det kom inn åtte høringsuttaler til verneforslaget for Vestfjellet og Svartejuv. Vi har i tillegg teke med uttaler til oppstartsmeldinga når vedkommande instans berre har kome med uttale til den (BaneNOR, Forsvarsbygg, Landbruksdirektoratet og Statkraft).

BaneNOR kom ikkje med uttale til høyringa men kom med uttale til oppstartsmeldinga. Dei har ingen merknadar.

Forsvarsbygg kom ikkje med høyringsuttale til Vestfjellet og Svartejuv, men ga uttale til oppstartsmeldinga. Forsvarsbygg ga uttrykk for at dei ikkje så nokon konflikter med verneforslaget, og ba om at det blei teke naudsynte unnatak for militær operativ verksemd. Forsvarsbygg ba vidare om at det særskilte unnataket for avgang og landing med Forsvaret sine luftfartøy blei teke med i forskrifta, for å ivareta omsynet til militær luftoperativ verksemd. Forsvarsbygg har ingen ytterlegare merknader til verneforslaget.

Landbruksdirektoratet har ikkje kome med innspel til høyringa, men har kome med innspel til oppstartsmeldinga. Dei har kome med nokre generelle innspel som gjeld traktorvegar og ferdseksvegar, og merking og rydding av slike, stølar/seterområde, beiting og reindrift. Landbruksdirektoratet skriv vidare at dei går ut frå at Statsforvaltarens landbruks- og reindriftsfagleg kompetanse blir involvera i utforming av forskrift og verneplan.

Statkraft kom ikkje med høyringsuttale til Vestfjellet og Svartejuv, men ga uttale til oppstartsmeldinga. Statkraft hadde ingen innvendinger til det varsla skogvernet, men ga uttale til verneforslaget for Modalen i Tokke kommune.

Statnett har kome med uttale til høyringa og seier at dei ikkje har merknadar til verneforslaget.

Direktoratet for mineralforvaltning (DMF) har kome med uttale til høyringa der dei seier at verneforslaget rører ved undersøkingsrett til Mydalen 5, gjeve til Teako Minerals Norway AS, som skal undersøke for bly, gull, kobber og sølv. Teako Minerals Norway AS fekk kopi av DMF sin uttale.

Lede AS går detaljert gjennom sine interesser i området og konkluderer med at dei ikkje har eksisterande nettanlegg, eller planar om å gjennomføre tiltak, innanfor det foreslåtte verneområdet ser ikkje behov for å inkludere dei standardføresegner i verneforskrifta.

Naturvernforbundet i Telemark støttar oppretting av Vestfjellet og Svartejuv naturreservat men har kommentarar til deler av avgrensinga i nord på eigedom gnr./bnr. 60/5. Her peikar dei på at fleire raudlista artar ikkje er fanga opp. Dei peikar og på at ein førekomst av rik edellauvskog med lind ikkje

er teke med på eigedom 60/2 og førekomst av rosenjodskinn på eigedom 61/2. Dei meiner at desse førekomstane må inkluderast i verneforslaget. Dei peikar og på at det på eigedom 57/4 er teke med areal med ungskog som dei meiner må ekskluderast.

I uttala frå Norsk Orientering viser dei til sitt brev til Miljødirektoratet om forslag til endringar i forskriftsmal for naturreservat. Det handlar om konkrete innspel til Miljødirektoratet sin forskriftsmal for verneforskrift.

Grunneigar Harald Skårnes har i samråd med nokre andre grunneigarar kome med innspel om ein gammal sti som ein bør vise i vernekartet.

Hjartdal kommune har sendt inn svar til høyringa for Vestfjellet og Svartejuv naturreservat. I innstillinga frå kommunen sitt utval for plan og utvikling kjem det fram at kommunen ikkje vil ha forvaltningsmynde for reservatet. Ut over det har dei ingen merknader. Utval for plan og utvikling har vedteke innstillinga.

Norges vassdrags- og energidirektorat uttalar at dei har sjekka om det er konflikt mellom eit planlagt Hjartsjø minikraftverk og vernegrensa i det aktuelle området. Dei har vore i kontakt med tiltakshavar og konkluderer med at det ikkje er nokon konflikt.

Statsforvaltarens kommentarar:

I samband med uttala frå Forsvarsbygg har Statsforvalteren innarbeidd omsyn til Forsvarets aktivitetar i forskrifta for Vestfjellet og Svartejuv, jf. § 6.

Til innspel frå Landbruksdirektoratet vil Statsforvaltaren kommentere at vi ikkje kjenner til at det ligg støl/sæterområde innanfor verneforslaget, men at det er teke høgde for det og dei andre innspela i verneforskrifta.

Når det gjeld uttala frå DMF så har ikkje Statsforvaltaren teke kontakt med firmaet Teako Minerals Norway AS i samband med verneforslaget for Vestfjellet og Svartejuv. Statsforvaltaren forventar at firmaet kjenner til planane sidan DMF sendte dei kopi av deira uttale. Statsforvaltaren har registrert av løyve til undersøkingar er gjeve etter at ein starta opp verneprosessen for området. Statsforvaltaren registrerer vidare at løyve til undersøkingar berre rører ved eit mindre areal i nedre del av verneforslaget i bekkekløfta i Svartejuv. Bekkekløfta utgjer likevel noko av det mest bevaringsverdige i heile verneforslaget, med både raudlista naturtypar og fleire raudlista artar, samt ansvarsarten huldregras (NT). Statsforvaltaren forventar at dette viktige området i verneforslaget ikkje vil bli undersøkt nærare av omsyn til verneverdiane her, og ein gjer samstundes merksam på at slike undersøkingar vil krevje dispensasjon etter naturmangfoldlovens § 48.

Når det gjeld uttala frå Naturvernforbundet i Telemark så er dei fleste av dei raudlista artane dei peikar på å finne i andre delar av verneforslaget. Frivillig vern er basera på at grunneigar tilbyr staten areal for vern, og i einskilde tilfelle er det slik at ein ikkje får fanga opp alle dei artane som ein ønskjer å inkludere i samband med avgrensinga. Artar som ikkje blir fanga opp i slike tilfelle kan likevel førekomme i andre verneområde i nærleiken. Når det gjeld mindre areal med yngre skog innanfor verneforslaget så vil vi seie at den yngre skogen i eit lengre perspektiv kan utvikle vernekvalitetar. Slike område kan eksempelvis restaurerast med bakgrunn i ein skjøtselsplan ved å legge til rette for større treslagsvariasjon og utvikling av dødved. Dette vil vere gunstig for fleire artsgrupper.

Statsforvaltaren kommenterer ikkje innspelet frå Norsk Orientering då dette i utgangspunktet er oversendt Miljødirektoratet.

Når det gjeld innspel frå grunneigar Harald Skårnes har Statsforvaltaren teikna inn dei aktuelle stiane i vernekartet.

Navn

Statsforvaltaren tilrår navnet Vestfjellet og Svartejuv som i høyringsforslaget.

Avgrensing

Statsforvaltaren tilrår avgrensing som i høyringsforslaget.

Verneforskrift

Det er gjort nokre språklege tilpassingar og endring i rekkefølge på føresegnene i verneforskrifta etter ny mal frå Miljødirektoratet. Det er og gjort mindre endringar i verneforskrifta frå området var på høyring til det vart sendt som tilråding til Miljødirektoratet.

I samband med arbeidet med tilrådinga foreslår Statsforvaltaren ei mindre språkleg endring i føremålet § 1 første ledd. Ordlyden i føremålet under høyringa var slik:

«Føremålet med forskrifta er å verne eit skogområde som har særleg betydning for biologisk mangfald på grunn av førekomst av lågurtedellauvskog, blandingsskogar og gamal barskog med naturskogspreg med rikeleg førekomst av daud ved.»

I samband med tilrådinga foreslår Statsforvaltaren denne teksten for føremålet:

«Føremålet med forskrifta er å verne eit område som har særleg betydning for biologisk mangfald på grunn av førekomst av lågurtedellauvskog, blandingsskogar og gamal barskog med naturskogspreg med rikeleg førekomst av daud ved.»

Statsforvaltaren har og endra litt i § 4 bokstav d ved at ordet sti er endra til stiar.

I § 7 bokstav i har Statsforvaltaren teke inn aktuelle aktivitetar som inneber motorferdsle.

Statsforvaltaren tilrår verneforskrifta med dei endringane som er omtala.

Statsforvalterens tilråding:

Statsforvaltaren tilrår at området blir verna som naturreservat med endring i verneforskrift og vernekart som beskrive.

Vedlegg:

Vedlegg 1. Forslag til vernekart for Vestfjellet og Svartejuv, Hjartdal

Vedlegg 2. Verneforskrift

Vedlegg 3. Høyringsfråsegner